

Hilda Austegard

Flatøyvegen 154

5918 Frekhaug

Ulset 24.04.2020

Vidareføring av veg til Gbnr 1/403 / Flatøyvegen 130.

I brev 25.02.2020 vart det nemnt at me, eigarar av Gbnr 1/403, Berit Sofie Hoffstad og Henrik Brigtsen ønskjer å få utarbeid plan for vidareføring av veg opp mot vår hytte.

Firmaet Ingeniør Aarland AS fekk i oppdrag å utarbeida plan for vidareføring av vegen med utgangspunkt i den planen som er vedteken for veg til Gbnr 1/399 (på den plannen skissert som *snuplass / ev videreføring av veg*).

Frå firmaet har me no motteke utarbeidd plan.

I brevet 25.02.2020 er det nemnt at vegen kunne utvidast på innsida av noværande kjerreveg, for ein stor del på vår eigedom. Firmaet har derimot funne at det er ei betre løysing å utvida vegen på utsida av kjerrevegen, berre ein liten del er inne på vår eigedom. (etter det me veit, er løysinga også drøfta med entreprenøren som no arbeidar på staden). I enden på den utvida vegen er det skissert snuplass / parkeringsplass. Med ei slik løysing vil både veggrunn og P-plass liggja på og tilhøyra Gbnr 1/12. Utvida veg og P-plass vil gje vegutløysing for Gbnr 1/403 og vil også gje betre tilkomst til det høgareligggjande området på Gbnr 1/12 (td for lettare å kunna koma til og å transportera bort ein del av den storvokste skogen i området).

Me bed om at du studerer planen slik den no føreligg (situasjonskart i to eks er vedlagt, målestokk 1:200 og 1:500; ønskjer du også profilteikningar, kan desse raskt skaffast) og at du tek stilling til om du kan godkjenna planen eller ønskjer å koma med merknader. Det er lagt ved eit eige ark for godkjenning / merknader. Ark og konvolutt kan leggjast i vår postkasse eller leverast direkte (me er jo på hytta nokså ofte).

Dersom du godtek planen slik han no er, ev med merknader, vil firmaet ta seg av formelle sider ved søknad til Alver kommune (nabovarsel m m).

Med venleg helsing

Berit Sofie Hoffstad

Henrik Brigtsen

**Vidareføring av veg til Gbnr 1/403.**

Som eigar av Gbnr1/12 har eg, Hilda Austegard, fått førelagt plan for vidareføring av veg opp til eigedomen Gbnr 1/403, Flatøyvegen 130.

Vidareføringa tek utgangspunkt i den vegen som alt er godkjend av Alver kommune fram til eigedomen Gbnr 1/399 og som no er under arbeid. På den godkjende planen er dette utgangspunket nemnd som *snuplass /ev videreføring av vei*.

Dersom Alver kommune godkjenner vidareføringa etter den framlagde planen, skal det skrivast *eigen avtale mellom eigar av Gbnr 1/12 og eigarane av Gbnr 1/403 der eigartilhøve, rett til tildeling av bruksrett / bruk av veg og P-plass, vedlikehaldsansvar m m framgår.*

**Merknader**

Som eigar av Gbnr 1/12 har eg

ingen merknad til den framlagde planen for vidareføring av veg til Gbnr 1/403

følgjande merknad til den framlagde planen for vidareføring av veg til Gbnr 1/403

.....  
.....  
.....

Hilda Austegard

Flatøy 25.05.2020  
Hilda A. Austegard